

Lindås kommune

v/ rådmann og økonomisjef

Knarvik, 8. august 2016

SØKNAD OM EINGONGS-TILSKOT TIL VEDLIKEHALD AV KYRKJEBYGG

Vi viser til e-post av 1. juli 2016 om høve til å søkje om «tiltaksmidlar» til vedlikehald av kyrkjebygg.

Eventuelle rammer for ein slik søknad går ikkje fram av e-posten. Lindås kyrkjelege fellestråd vil derfor vise til vedlagte Lkf-sak xx/16 om Oversyn over akkumulert vedlikehaldsbehov for kyrkjebygga i Lindås. Kyrkjeverja har valt ut tre prosjekt i ulike «prisklasser» som møter dei kriteria som er nemnde frå kommunen:

1. Lindås kyrkje:

- Er kan hende det kyrkjebygget i Lindås i dag med den «farlegaste» skaden med tanke på følgjeskader. Kyrkja har ein lekkasje i kjellaren som så langt har ført med seg vesentleg angrep av hus-sopp, i tillegg til noko råte-skade på vatn-stokk / botn-stokk mot grunnmur.
- Innspel frå sokneråd og lokale interessentar har peikt på at kjellaren er blitt for tett etter at grunnmuren vart pussa til kyrkja sitt 100-årsjubileum.
- Planen her er i all enkelheit to-delt; montere av-fuktar i kjellar og gjere opp-graving på utsida for å identifisere og avgrense lekkasje utanfrå. Dette vil gjerast i samband med at ein samlar tak-vatnet frå kyrkjetaket og leiar dette vekk frå kyrkja. I same omgang får ein avdekkja om det finnast evt gamle vass-røyr utanfor kyrkja som ikkje er i bruk, men som framleis kan leie vatn.
- **Dette arbeidet er stipulert til NOK 500.000 eks mva.** Lindås kyrkjelege fellestråd kan fullføre dette i løpet av hausten 2016.

Dette arbeidet er tatt med i nemnde sak frå fellestrådet med sikte på gjennomføring i 2017 / alt. 2018. Slik sommaren 2016 har utvikla seg er det likevel inga grunn til å vente, om det skulle dukke opp eit høve til finansiering tidlegare.

2. Alversund kyrkje:

- Det er som sagt, ikkje berre lett å gjere framlegg om tiltak når ramma ikkje er definert, men fellestrådet har i si prioritering av utbetringar som kan få

store følgeskader peikt på blyglasvindauga i denne kyrkja. Her er det tale om å lage nye rammer til vindauga, i tillegg til at bly-loddingane må kontrollerast og reparerast. Dette er eit større arbeide, som må utførast av fagfolk innan så vel glasfaget som bygningsfaga.

- **Arbeidet er stipulert til NOK 1.100.000.** Prosjektet er så langt førebudd at det vil kunne gjennomførast innan nemnde tidsrammer.

3. Ostereidet kyrkje:

- Her viser vi til meldt plan for investeringar. Osterfjorden sokneråd har meldt trong for eit mindre skur i samband med parkeringsplassen ved kyrkja, der ein kan oppbevare boss-contenarane som elles fristar eit omflakkande tilvære når det blåser ved kyrkja, noko det ofte gjer. Dette er eit prosjekt som Lkf ikkje har tatt inn i budsjettet før i 2018, ettersom fellesrådet i dei to fyrste åra ønskjer å prioritere investeringstilskotet til utskifting av sikrings-tavler i kyrkjene våre. Boss-huset på Ostereidet er likevel eit prosjekt som ikkje vil krevje så mykje prosjektering og planlegging at det ikkje kan gjennomførast innan dei tidsrammene som gjeld her.
- **Arbeidet er stipulert til NOK 100.000.** Dette er ikkje eit heilt sikkert beløp, ettersom trong for utskifting av massar er litt uklårt. Kyrkjeverja legg likevel til grunn at dette beløpet bør kunne rekkje.

Kyrkjeverja viser elles til nemnde sak frå april 2016 når det gjeld samla oversyn over dei prioriterte behova som fellesrådet har sett opp. Eg er inne i siste ferieveka mi no, men kan nåast på mobiltelefon og e-post.

Med venleg helsing
for Lindås kyrkjelege fellesråd

Torgeir Paulsen
Kyrkjeverje i Lindås
Mob. 9309 6873

Vedlegg: Brev om Lkf - Sak 28/16 med oversyn over akkumulert trong for vedlikehald for kyrkjene i Lindås med tabellunderlag